



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 11.06.2020 kl. 15:15

**Stad:** ASKVOLL

---

### Frammøtte:

Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar	
Arnt Johnny Langeland	Medlem	
Karen Anny Espedal	Medlem	
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem	
Terje Mork	Medlem	
Ole Kistrup Vilnes	Medlem	
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem	
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem	
Jarle Magnus Vilnes	Medlem	(Gjekk frå som inhabil i sak FR 2020/29)
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem	
Eva Iren Landøy	Varamedlem	
Ingvild Loftheim	Varamedlem	

---

### Forfall:

Jostein Gryte	Leiar
Lillian Oddekalv Gjervik	Medlem

---

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener Kyrkjeverje

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2020/24		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2020/25		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 14.05.2020	RUNE ZIENER
SR 2020/26		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2020/27		Møteplan 2. halvår 2020	RUNE ZIENER
SR 2020/28		Justert gudstenesteplan for august og september (inkludert konfirmasjonsgudstenestene) 2020	RUNE ZIENER
FR 2020/29		Vannforsyning og tilbygg til Vilnes kyrkje	RUNE ZIENER
SR 2020/30		"Krafttak for misjon - saman som kyrkje i heile verda". Justering av offerliste.	RUNE ZIENER

Askvoll, 11.06.2020

Rune Ziener  
referent

---

## SR 2020/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsorden som den ligg føre.

### MØTEHANDSAMING

Det vart lagt fram ei tilleggsak i møtet.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsorden som den ligg føre, og tek opp til handsaming saka som vart lagt fram i møtet.

---

## SR 2020/25 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 14.05.2020

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 14.05.2020.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 14.05.2020.

---

## SR 2020/26 Skriv, meldingar og drøftingar

### UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

- M 2020/14 Organiststillinga i Askvoll
- M 2020/15 Kystpilegrimsferda med Sunnivaskrinet 29.08-05.-09.
- M 2020/16 Bjørgvin biskop: *Brev frå biskopen om soknerådsarbeidet (26.05.2020)*

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

---

## **SR 2020/27 Møteplan 2. halvår 2020**

### **UTGREIING**

Soknerådet bør ha ein møteplan for 2. halvår. I og med den spesielle koronasituasjonen, kan det vere ein fordel å vente til august med å fastsetje planen.

Det bør vere eit møte i august, og dette kan ein gjerne legge til eit av kyrkjebygga slik planen var i vår.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd sitt neste møte vert torsdag 27. august i Kvammen.
2. Soknerådsleiar har fullmakt til å justere datoen.

### **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd sitt neste møte vert torsdag 27. august i Kvammen.
2. Soknerådsleiar har fullmakt til å justere datoen.

---

## **SR 2020/28 Justert gudstenesteplan for august og september (inkludert konfirmasjonsgudstenestene) 2020**

### **UTGREIING**

Soknepresten har utarbeidd vedlagte notat og forslag til justering av opprinneleg gudstenesteplan for august og september (inkludert konfirmasjonsgudstenestene).

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vedtek justert gudstenesteplan for august og september 2020 i samsvar med innstillinga frå soknepresten.

### **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek justert gudstenesteplan for august og september 2020 i samsvar med innstillinga frå soknepresten.

## FR 2020/29 Vannforsyning og tilbygg til Vilnes kyrkje

### UTGREIING

I samsvar med vedtak i sak FR 2020/23 er det no nærare utgreidd og kostnadsrekna ulike alternativ for løysing for vassforsyning til slokkeanlegg til Vilnes kyrkje (sjå vedlegg frå COWI AS).

Alternativa som er vurdert er:

Type vassforsyningsløysing	Kostnadsestimat
Vasstankar under servicebygg	929.240
Vasstankar på parkeringsplass	945.240
Stadstøypt vasstank på parkeringsplass	690.000
Ny vassforsyning frå Sætrevatnet	2.840.000
Høgdebasseng*	6.224.500

\*Kostnadsestimatet for høgdebasseng er nedjustert med kr 451.000,- etter utsendinga av sakspapira. I tabellen er estimatet oppdatert (sjå nytt vedlegg).

#### 1. Val av hovudløysing

Ut frå kostnadsestimata frå COWI er rimelegaste løysing stadstøypt tank på parkeringsplassen, og løysing med tank er uansett tilrådd. Estimaten på stadstøypt tank er kr 690.000,- som saman med oppføring av nytt servicebygg vil gje ein totalentreprise på rundt kr 1,25-1,3 millionar på det prosjektet, altså noko lågare enn opphavleg løysing med nedgravd tank under nytt servicebygg.

Det totale økonomiske bildet på desse prosjekta vil då vere:

Delprosjekt	Estimat/finansieringsbehov
Sprinklar, VVS, elektro	1.563.000
Servicebygg, vassforsyning	1.300.000
Adm. Kostnader*	242.000
Total	3.105.000

\*I tillegg kjem her kostnadar til synfaringar og evt. kostnad til arkeologovervaking ved graving. Summen inkluderer adm.kostnader til klimaskalsikringsprosjektet.

Til orientering er kyrkjeverja og kjent med at det har vore styrehandsama (03.06.2020) i Vilnes og Sætre innspel om å etablere høgdebasseng på Vilnes, men at styret ikkje vil tilrå dette for årsmøtet, men følgje COWI AS si tilråding om å etablere vassreservoar ved kyrkja. Sjå vedlegg.

Finansieringsforslag:

Eksisterande prosjektmidlar	1.960.000
Omsøkt tilleggsløyving (jf. sak FR 2020/16)	1.150.000
Sum finansiering	3.110.000

Om ein ikkje får tilleggsløyvinga, kan ein søkje om omdisponering av kr 1.080.000,- av tilskotet til nytt servicebygg til Askvoll kyrkjegard og dekke inn resterande med nedbudsjettering i prosjektet parkering Vilnes for å fullfinansiere prosjektet.

## **2. Vurdering av alternativ plassering av vasstank**

COWI tilrår at om ein vel løysing med vasstank, at ein tek ei synfaring med aktuelle partar (t.d. entreprenør, fylkeskommune, Riksantikvaren, grunneigarar m.v. for å sjå på moglegheiten av alternativ plassering av vasstank. Det ein kan oppnå med det er å spare inn på kostnaden til grøfting og rør mellom parkeringsplassen og nytt tilbygg, som er estimert til kr 96.000,-.

## **INNSTILLING**

1. Som hovudløysing for vassforsyning til slokkeanlegget til Vilnes kyrkje, vel ein tilbodet frå Vestbygg AS, men vel løysing med plasstøpt tank på parkeringsplassen, og ikkje nedgravd tank under nytt servicebygg.
2. Ein har snarast ei synfaring på staden med aktuelle partar for å sjå på alternative og rimelegare plasseringar av slik tank.
3. Så fremt ein får tilfredsstillande finansiering, vel ein tilbodet frå Caverion AS på sprinkling, VVS og elektro (jf. sak FR 2020/16, pkt. 4).
4. Ein opprettheld søknad om tilleggsøyving til prosjektet frå kommunen med kr 1.150.000,- i 2020 (jf. sak FR 2020/16, pkt. 1).
5. Om ein ikkje får slik tilleggsøyving søker ein om omdisponering av kr 1.080.000,- av investeringstilskotet til ny driftsbygning på Askvoll kyrkjegard og dekker inn resterande av finansieringsbehovet (kr 65.000,- med nedbudsjettering av prosjektet parkeringsplass Vilnes).
6. Kyrkjeverja innarbeider justeringane i samsvar med vedtaket i investeringsbudsjettet for 2020.

## **MØTEHANDSAMING**

Jarle Vilnes gjekk frå som ugild i avstemminga.

Bjørn Arne Mjåseth sette fram slikt alternativt forslag til vedtak:

1. I påvente av vidare avklaringar om eventuelt høgdebasseng på Vilnes, vert saka utsett til 22. juni.
2. Kyrkjeverja utgreier seinare driftskostnad ved løysing med vanntank som vannforsyning til slokkeanlegget.

## **VEDTAK MED 9 MOT 2 STEMNER**

1. I påvente av vidare avklaringar om eventuelt høgdebasseng på Vilnes, vert saka utsett til 22. juni.
2. Kyrkjeverja utgreier seinare driftskostnad ved løysing med vanntank som vannforsyning til slokkeanlegget.

---

## **SR 2020/30 "Krafttak for misjon - saman som kyrkje i heile verda". Justering av offerliste.**

### **UTGREIING**

Biskopen i Bjørgvin oppmodar alle kyrkjelydar til å bli med på eit "krafttak" for våre søskenkyrkjelydar rundt om i verda no i juni (1. pinsedag-St. Hans). Den konkrete oppmodinga er å gje kr 5.000,- ekstra til eksisterande misjonsprosjekt, eller til ein valfri SMM-organisasjon (eit samarbeid mellom Den norske kyrkja og ulike misjonsorganisasjonar). Pinsa er den verdsvide kyrkja si høgtid, og mange kyrkjelydar i verda hardt råka av koronapandemien.

Døme på korleis ein kan bidra er:

- a) gjennom kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt – ekstra bidrag
- b) ekstra offer/kollekt til valfri SMM-organisasjon.
- c) andre tiltak: misjonsløp, basar, utsal mm til inntekt for valfri SMM-organisasjon.

Askvoll sokn kan t.d. bidra i aksjonen ved å gje eit ekstra offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt no i juni.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd justerer gjeldande offerliste for våren 2020 og bidreg i aksjonen "Krafttak for misjon - saman som kyrkje i heile verda" og let kyrkjeofringa i Askvoll kyrkje 21. juni gå til kyrkjelydens misjonsprosjekt.

### **MØTEHANDSAMING**

#### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd justerer gjeldande offerliste for våren 2020 og bidreg i aksjonen "Krafttak for misjon - saman som kyrkje i heile verda" og let kyrkjeofringa i Askvoll kyrkje 21. juni gå til kyrkjelydens misjonsprosjekt.